

Utvikling



Bilete 1: 'Discovery' Rosette er raud i fruktkjøttet og har kraftig raud dekkfarge.

No er hovudsesongen for innhausting av frukt. I tidlege felt er mykje av plommeavlinga i hus, men det gjenstår framleis seine sortar som 'Victoria' og 'Valour'.

Det er viktig å ha passe nok haustehjelp, kassar og utstyr for å få avlinga i hus best mogeleg. NLR gjennomfører haustetidsregistrering for kjernefrukt i dei ulike fruktdistrikta og kjem med anbefalingar, så ein får følgje med lokalt på dette.

Ugras

Når 'Discovery' er hausta kan ein få frest felta på nytt om det ikkje er for vått. 'Aroma' og sortar som nærmar seg hausting kan ein vente med ugrasfresing til etter at epla er plukka. Legg inn at ein får eit par rundar før vinteren for å riste laust ugraset i feltet. Er ugraset mindre brysamnt kan ein redusere dette.

Ein runde med ryddesag langs jordekantane er fint for å redusere frøugras og minske gøymeplassane for jordrottene.

Mekanisk skade

Enkelte som har gjennomført ei sein tynning med uøvd tynnemannskap, kan det lett bli slagskade på frukta som heng igjen. Få borttynna kart bort frå treet neste år.



Bilete 2: Bilde er frå 'Summerred' integrert dyrka i 2019, men er like aktuelt i år. Enkelte av tynnemannskapa har tydelegvis berre har slept kartene ned på frukta under. I enkelte tilfeller kan det gå råte i slagskaden.

Rett opp velta tre

Mykje regn dei siste dagane har ført til at avlingstunge tre lett kan bikke over og ta med seg støttesystem. Få hjelpt trea opp frå bakken, men ikkje prøv å få tre med avling opp i lodd enda. Det kan ein gjere når avlinga er hausta.

Få bort rotnande frukter



Når skade av insekt eller sopp heng på trea, vil det ofte smitte over til friske nabo-eple. Har ein moglegheit til å ta nokre «rydderundar» og ta bort monilia-eple no i tida framover vil det vere bra for frukta som heng igjen. Ha det som rutine at haustarane fjernar rotnande frukt på første runde.



Bilete 3: bildet til venstre viser begerråte som skuldast soppangrep under blomstringa. Bildet til høgre viser mjøldogg frå bladverket har smitta over på eplet og medført korkdanning.

Bladgjødsling

Det er viktig med kart/bladgjødsling med kalsium. Enkelte sortar får lett mangelsjukdommen «prikksjuka» om det blir for lite kalsium fram mot hausting. Discovery er lite utsett, medan i 'Aroma' er dette tiltaket svært viktig.

Sprøyt ut ei blanding med 500 g/daa kalsiumklorid og 100 ml/daa Aminosol PS (plantebasert). Gjer dette kvar 7.-10. dag fram mot hausting.